

Første årsmøte for dugnadsgjeng

SLETTA: Venneforeninga til Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta har hatt sitt første årsmøte sidan dei vart stifta hausten 2011. I styret for 2012 held Oddmund Skjelvik fram som leiar, med Silje Namtvedt, Arvid Aasgard, Ella Ystebø og Jostein Skråmestø i styret. Varamedlemmer til styret er Ellinor Brandtun og Kirsten S. Meltingen. Venneforeninga har som føremål å støtta opp om, vidareutvikla og ta vare på Utvandringssenteret.

Andre gongs utlysning

FEDJE: Fedje kommune er ute med andre gongs utlysning av sommarjobbar innan pleie- og omsorg. Kommunen rettar seg mot både sjukepleiarar, sjukepleiestudentar, helsefagarbeidarar, hjelpepleiarar, omsorgsarbeidarar, studentar/lærlingar, andre med relevant utdanning, assistentar, reinhaldarar og heimhjelparar. Søknadsfrist er sett til 17. april, går det fram av kommunen si heimeside.

Bøtelagd og fråtatt førarkort

Ein mann midt i 30-åra frå Meland er frådømd førarkortet for tre år for køyring i rusa tilstand våren 2011. Blodprøve viste ein promille på 2,33. Nordhordland Tingrett har også ilagd mannen ei bot på 30.000 kroner, subsidiært fengsel i 15 dagar.

Bot for å køyra ulovleg

Ein masfjording er dømt til eit bot på 6.000 kroner for overtreding av vegtrafikklova. Dommen gjeld køyring av personbil med tilhengar utan å ha gyldig førarkort for dette, og dette skjedde i fjor haust. I retten hevda mannen at reglane i lova burde vore handheva meir fornuftig og at han var tilstrekkeleg akksam. Desse argumenta såg Nordhordland Tingrett bort frå. Mannen må betala 3.000 kroner i sakskostnader.



DEBATT: Fredrik Borgstein (til venstre) og Andreas Dyngen i Nordhordland FrpU håpar å få i gang ein debatt om narkotikapolitikken her i landet. Landsmøtet i Framstegspartiets Ungdom har gått inn for å avkriminalisera bruk av hasj, cannabis og andre lettare narkotiske stoff.

Vil frigje marihuana

LINDÅS: Framstegspartiets Ungdom (FrpU) vedtok på landsmøtet sitt nyleg at bruk av marihuana og andre mildare narkotiske stoff bør avkriminaliserast.



Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

– Dagens narkotikapolitikk her i landet har mislukkast, og det er på tide å tenkja nytt, seier Fredrik Borgstein, leiar i Nordhordland FrpU, til Strilen.

Både han også styremedlem Anders Dyngen i Hordaland

FrpU var til stades på landsmøtet, der eit klart fleirtal sa ja til å avkriminalisera bruk av mildare narkotiske stoff, på linje med det som har vore i Nederland i mange år.

Ta bakmennene

– Me er liberalistar og meiner det er feil å straffa folk som gjer dumme val. Det får vera deira eige ansvar, seier Borgstein og hevdar at tobakk og alkohol er meir skadeleg for helsa enn mange av dei lettare narkotiske stoffa.

Både han og Dyngen trur at ved å legalisera bruk av cannabis/marihuana og andre lettare stoff, vil politiet kunna konsentrera seg om å ta bakmennene.

Og viss folk lovleg kan kjøpa dei lettare stoffa, på apotek, eller på Rema 1000 for den del, vil ein hindra at unge vert tvunga ut i kriminalitet.

– Og då vil dei heller ikkje

koma i kontakt med bakmennene, som ofte introduserer dei for hardare stoff for å tena enda meir pengar, seier Borgstein.

Ein del av bakmennene er mellom anna med på å finansiera terrorisme, påpeikar han.

Vil ta tid

Dei to FrpU-arane er fullt klar over at deira standpunkt i narkotikapolitikken på ingen måte vert støtta av moderpartiet, og heller ikkje av andre politiske parti her i landet.

– Men me ser ein trend der fleire og fleire går inn for å legalisera lettare narkotiske stoff, seier dei, og viser mellom anna til Unge Venstre og Sosialistisk Ungdom.

Dei to trur at fleire og fleire etter kvart vil verta samde med dei.

– Men fryktar de ikkje at ei

legalisering vil føra til at fleire begynner med narkotika?

– Nei, det trur eg ikkje. Så vidt eg veit, har ikkje legalisering hatt den verknaden i Nederland, seier Borgstein.

Rustilbod

– Me i FrpU er og opptekne av at det skal finnast eit tilbod for folk som vil slutta med rus. Det må vera tilpassa den enkelte. Det som passar for ein, passar ikkje ein annan, seier Borgstein.

FrpU-arane håpar det no vert ein debatt om narkotikapolitikken her i landet.

Dei kan elles opplysa at Nordhordland FrpU no er inn i ein god periode, etter at dei vart starta opp att i fjor haust.

– Det er viktig å ha vaktbikkjer som held liv i Anders Lange sine idear om nedsette skattar og reduserte offentlege inngrep, seier Fredrik Borgstein og Anders Dyngen.

SuDoKu

• Middels

		4	8			5		
5		2		3				
6			5			8	2	
					4		6	
	6					1		
7	3							
8	3			1				4
				9	7	1		
		9			5	2		

• Vanskeleg

	5						1	
7			5	1				6
		3				8		
	8			4			3	
			8		3			
	6			7			5	
		1				5		
8			6		9			7
	9							2

Svar på
førre
SuDoku

Middels

8	5	4	3	1	7	2	6	9
9	3	2	6	5	4	1	8	7
6	7	1	8	9	2	4	5	3
4	9	8	2	7	5	6	3	1
5	2	7	1	3	6	9	4	8
3	1	6	4	8	9	5	7	2
1	4	3	9	6	8	7	2	5
2	8	5	7	4	1	3	9	6
7	6	9	5	2	3	8	1	4

Vanskeleg

5	1	3	7	2	4	9	6	8
8	6	4	5	9	1	2	7	3
2	9	7	6	3	8	4	1	5
1	8	5	9	7	3	6	2	4
6	4	2	8	1	5	3	9	7
3	7	9	4	6	2	8	5	1
9	3	6	1	4	7	5	8	2
4	5	1	2	8	9	7	3	6
7	2	8	3	5	6	1	4	9

Fyll ut dei tomme rutene med tal frå 1 til 9, både vassrett, loddrett og i kvadrata.

Bilens Eksosanlegg AS

- Montering mens du venter
- Ingen timebestilling, kun "drop inn"
- Stort eksoslager

GRATIS KONTROLL
AV EKSOSANLEGG



Tlf: 55 26 81 81

v/Rema 1000, Kjekkestrik

EKSOS - RASKT - BILLIG

www.bilenseksos.no